



**Fræna kommune**  
**Teknisk forvaltning**  
Plan

Grunneigarar/interessentar  
følgje vedlagde liste

**Administrativt vedtak**  
**Delegert plansak - nr. 3/2008**

**Dykkar ref:**

**Vår ref**  
2008/881-3

**Saksbehandlar**  
Wenche Lyngstad

**Dato**  
09.05.2008

**MELDING OM DELEGERT VEDTAK**

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

***Plan- og bygningsjefen vedtek med heimel i plan- og bygningslova av 14 juni 1985 nr 77, § 28-1 nr 2, forslag til mindre vesentleg reguleringsendring av føresegnene til reguleringsplan for YTRE HOEM – HYTTEOMRÅDE PÅ DELER AV GNR. 32, BNR. 4 OG 5, slik det går fram av vedlagde kopi av føresegnene – nytt forslag, sist endra 03.03.08.***

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

*Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.*

*Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.*

Med helsing

Rune Iversen  
plan- og bygningsjef

Wenche Johanson Lyngstad  
saksbehandlar

---

**Postadresse**

Fræna kommune, 6440 Elnesvågen

**E-post:**

postmottak@frana.kommune.no

**Besøksadresse**

Kommunehuset

www.frana.kommune.no

**Telefon**

712 68 100

**Telefaks**

712 68 198

**Bank**

4100 07 20001

**Org.nr**

845 241 112

Delegert plansak nr. 3/2008 (vedlegg til brev, melding om vedtak)

*Vedteke etter fullmakt i samsvar med kommunelova § 23, jfr. brev frå rådmann datert 22.12.93*

## **MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING**

<b>Reguleringsplan:</b>	<b>YTRE HOEM – HYTTEOMRÅDE PÅ DELER AV GNR. 32, BNR. 4 og 5</b>
Vedteke / stadfesta:	20.06.05
Planident:	03201

### **Bakgrunn :**

Ein interessent ønskjer i samråd med grunneigar å bygge ut tomtene 14,16,18,20,21 og 22 med hytter i ”funkisstil”. Dei ynskjer derfor å få inn eit nytt punkt i reguleringsføresegnene som gjer dette mogleg. Tiltakshavar vil starte lengst mot sør og bygge seg nordover i feltet. Dei skriv vidare at skulle oppføringa av desse hyttene stoppe opp av ulike årsaker, ynskjer grunneigar å halde seg til den opphavlege reguleringsplanen å føre opp hytter i tradisjonell stil.

Med bakgrunn i dette har Fræna kommune motteke ein søknad som inneber ei mindre vesentleg endring av vedtekne reguleringsføresegner til reguleringsplan for YTRE HOEM – HYTTEOMRÅDE PÅ DELER AV GNR. 32, BNR. 4 OG 5. Planen og føresegnene vart vedteken i kommunestyret 20.06.05.

### **Formålet med vedteken plan:**

Å legge til rette for hytteutbygging i området.

### **Formålet med endringa av reguleringsføresegnene:**

Å endre føresegnene under § 04 slik vedlagde reguleringsføresegner – nytt forslag, sist endra 03.03.08 viser.

*Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 28-1 nr 4.*

### **Merknader:**

Fræna kommune har ikkje motteke merknader til utsendte førehandsvarsel datert 03.03.08 med reguleringsføresegner sist endra same dato.

### **Vedtak:**

Jamfør § 28-1 nr 2 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygnings sjefen slikt vedtak:

***Plan- og bygnings sjefen vedtek med heimel i plan- og bygningslova av 14 juni 1985 nr 77, § 28-1 nr 2, forslag til mindre vesentleg reguleringsendring av føresegnene til reguleringsplan for YTRE HOEM – HYTTEOMRÅDE PÅ DELER AV GNR. 32, BNR. 4 OG 5, slik det går fram av vedlagde kopi av føresegnene – nytt forslag, sist endra 03.03.08.***